



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
John Olav Hisdal, 5557 2324

Vår dato
09.06.2015
Dykkar dato
22.05.2015

Vår referanse
2015/7248 461.0
Dykkar referanse

Direktoratet for Mineralforvaltning
Postboks 3021 Lade
7441 TRONDHEIM

Uttale til søknad om driftskonsesjon frå Frode Haugsvær Maskin AS for uttak av fjell i Eidsnes næringsområde i Lindås kommune

Frå Direktoratet for mineralforvaltning har vi mottatt søknad om ovannemnde til uttale.

Område det gjeld er i kommuneplanen sett av til næring. For området det gjeld er det utarbeidd reguleringsplan som vart vedteken i Lindås kommunestyre 20. mars 2013. Fylkesmannen ga uttale til reguleringsplanen i brev av 20. august og 17. desember 2012. Desse breva følgjer vedlagt og kan reknast som ein del av vår uttale.

For Eidsnes næringsområde vart det i samband med utarbeiding av reguleringsplanen laga ein rapport om biologisk mangfald. Forholdet til Naturmangfaldlova §§ 8 – 12 er derfor oppfylt. Slik vi vurderer søknaden er sjansen liten for at naturverdiar utafør planområdet tek skade.

Vi gjer merksam på at tiltaket må tilfredstille krava som går fram av kapittel 30 i forureiningsforskrifta. Etter at verksemda er komen i drift vil denne bli følgd opp med tilsyn frå vår side.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

John Olav Hisdal
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ